



Terje J Ledahl AS
Nordnesveien 21
5005 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/912 - 17/11440

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
18.09.2017

Byggesak Gbnr 77/81 Solheim vestre - veg med leidningsnett for VA og grovplanering av uteopphaldsareal og 5 bustadtomter - mellombels svar

Viser til ditt brev datert 07.07.2017 om igangsettingsløyve for «sprenging og oppfylling», samt tilleggsdokumentasjon i brev av 11.08.2017, 30.08.2017 og 05.09.2017.

Kommunen kan ikkje sjå at mottatt dokumentasjon dekker manglar beskrive i mellombels svar frå kommunen, datert 15.08.2017.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon beskrive i førre mellombels svar:

- Før søknaden vert sendt til kommunen må terrengstøttemurene nabovarslast.
- For murene som er plassert heilt i nabogrense, eller forøvrig i strid med avstandsføresegner i plan- og bygningslova § 29-4, må det anten liggje føre skriftleg samtykke frå nabo eller det må søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4. Ein eventuell søknad om dispensasjon skal nabovarslast særskilt.
- Når det vert sendt inn søknad om igangsetting er det blankett 5151 *Søknad om igangsettingsløyve* som skal nyttast.

Når det gjeld tiltak på tomt nr. 6 viser kommunen til at denne tomten ikkje er med i rammeløyyet. Denne tomten ligg også på eit anna gards- og bruksnummer. Tiltak på denne eigedomen kan følgeleg ikkje handsmast som del av det løyyet som er gitt for gbnr 77/81.

Vidare visar dokumentasjon mottatt 05.09.2017 ein skråning mellom tomt 1 på gbnr 77/81 og gbnr 77/72 (snitt B-B). Sak10 § 4-1 e punkt 7 beskriv at fylling/planering må starta minst 1 meter frå nabogrensen. Forhold angående dette må vurderas på lik måte som i punkt 2 i ovanfor liggande tekst.

Ledahl skriv i mail av 05.09.2017 at det kun blir murer mot gbnr 77/68 som eigast av tiltakshaver, og derfor ikkje behov for erklæring om aksept, disp osv. Det merkes at eigar av gbnr 77/68 ikkje er tiltakshaver for tiltaket på gbnr 77/81 og punkta over derfor framleis er gjeldande.

Det står vidare i mail at det ikkje blir mur mot nabo på gbnr 77/72, men oversiktskart visar støttemur til nabogrense. Snitt C-C viser ein mur på ca. 2 meter. Sak10 § 4-1 e punkt 6 beskriv at forstøtningsmur mellom 1-1.5 meter minst må stå 4 meter frå nabogrense for å unngå tillating. Forhold angående dette må avklarast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.10.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helland Eiendom & Invest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
-----------------------------	----------------	------	--------

Mottakarar:

Terje J Ledahl AS	Nordnesveien 21	5005	BERGEN
-------------------	-----------------	------	--------